<p>Stipendkomiteen skal legge disse kriteriene til grunn ved vurderingen av søknadene:</p> <p>Som et minstekrav for å få tildelt stipend må søkeren</p> <ul style="list-style-type: none">a) ha virket som AV-oversetter i minst tre årb) ha en inntekt av AV-oversettelser på minst 1 G det året det søkes om stipend <p>Søkere som har fått stipend i løpet av de siste fem årene, skal ikke tildeles nytt stipend på bekostning av AV-oversettere som oppfyller kriteriene, og som ikke har fått stipend de siste fem årene.</p> <p>Utover dette skal stipendkomiteen prioritere søknadene etter disse kriteriene:</p> <ul style="list-style-type: none">1 Hvor lenge søkeren har virket som AV-oversetter2 Hvor stort volum søkeren har produsert i løpet av de siste fem årene3 Andre særskilte forhold	<p>Stipendkomiteen skal legge disse kriteriene til grunn ved vurderingen av søknadene:</p> <p>Som et minstekrav for å få tildelt stipend må søkeren</p> <ul style="list-style-type: none">a) ha virket som AV-oversetter i minst tre årb) ha en inntekt av AV-oversettelser på minst 1 G det året det søkes om stipend <p>Søkere som har fått stipend i løpet av de siste fem årene, skal ikke tildeles nytt stipend på bekostning av AV-oversettere som oppfyller kriteriene, og som ikke har fått stipend de siste fem årene.</p> <p>Utover dette skal stipendkomiteen prioritere søknadene etter disse kriteriene:</p> <ul style="list-style-type: none">1 Hvor lenge søkeren har virket som AV-oversetter2 Hvor stort volum søkeren har produsert i løpet av de siste fem årene3 Andre særskilte forhold <p><u>Ved vurdering av ansiennitet i yrket teller ett eller flere avbrekk med foreldrepenger eller sykepenger i inntil ett år som inntekt av AV-oversettelser.</u></p>

Styrets forslag til vedtak:

Forslaget til endring av retningslinjene for tildeling av reisestipend er vedteke.

Vedtak: *Enstemmig vedtatt*



Sak 11 - Forslag til endring av statuttane for Audiovisuelle oversetteres fond

I statuttane for Audiovisuelle oversetteres fond står det at ein stipendkomitémedlem skal peikast ut av AViOF-styret, mens to skal veljast av NAViOs årsmøte. Men det har vore praksis dei siste åra at NAViOs årsmøte vel alle tre medlemmene av stipendkomiteen. Dette forslaget inneber at vi tilpassar kartet til terrenget, slik at alle tre medlemmene skal veljast av årsmøtet, men ein av medlemmene må samtidig vere medlem av AViOF.

§ 5	Noverande vedtekter	Nytt forslag
	Stipendkomiteen består av et av styremedlemmene utpekt av styret sammen med minst to medlemmer som velges av Årsmøtet i Norsk audiovisuell oversetterforening. Funksjonstiden for komitémedlemmene er to år, dog slik at ikke alle er på valg samtidig. Stipendkomiteen velger selv leder. Stipendkomiteen avgir innstilling om stipendtildeling til styret i henhold til retningslinjer fastsatt av Årsmøtet i Norsk audiovisuell oversetterforening. Komiteen skal utarbeide beretning for sin virksomhet til styret.	Stipendkomiteen består av tre medlemmer som velges av Årsmøtet i Norsk audiovisuell oversetterforening. <u>Minst ett av medlemmene i stipendkomiteen skal sitte i AViOF-styret.</u> Funksjonstiden for komitémedlemmene er to år, dog slik at ikke alle er på valg samtidig. Stipendkomiteen velger selv leder. Stipendkomiteen avgir innstilling om stipendtildeling til styret i henhold til retningslinjer fastsatt av Årsmøtet i Norsk audiovisuell oversetterforening. Komiteen skal utarbeide beretning for sin virksomhet til styret.

Styrets forslag til vedtak:

Forslaget til endring av statuttane for Audiovisuelle oversetteres fond er vedteke.

Vedtak:

Enstemmig vedtatt



Sak 12 - Valg

Valgkomiteens innstilling til NAViO-styre

Ledelse

Leder: Ole Jan Borgund ikke på valg, sitter frem til 2014
1. nestleder: Nicolai Herzog ny, velges frem til 2015
2. nestleder: Mona Grønlie *Herzog* erstatter Bente Ottersen frem til 2014

Styremedlemmer

1. styremedlem: Marianne Hagen erstatter Nicolai Herzog frem til 2014
2. styremedlem: Helge Vik ny, velges frem til 2015
3. styremedlem: May-Hilde Hoelstad erstatter Tron Furu frem til 2014
4. styremedlem: Morten Gottschalk ny, velges frem til 2015

Varamedlemmer

1. varamedlem: Ragnhild Ruud erstatter Morten Gottschalk frem til 2014
2. varamedlem: Jostein Miyamoto Nordmoe ny, velges frem til 2015
3. varamedlem: Trygve Lie ikke på valg, sitter frem til 2014
4. varamedlem: Heidi Wallevik stiller til gjenvalg, velges frem til 2015

Valgkomiteens innstilling til AViOF-styre

Styremedlemmer

1. styremedlem: Evy Hvidsten ikke på valg, sitter til 2014
2. styremedlem: Kirsten Tuv ny, velges til 2015
3. styremedlem: Mona Grønlie ikke på valg, sitter til 2014
4. styremedlem: Sølvi Hammerseth ny, velges til 2015

Varamedlemmer

1. varamedlem: Harald Plahter ikke på valg, sitter til 2014
2. varamedlem: Kari Skotnes ikke på valg, sitter til 2014
3. varamedlem: Vigdis Isachsen ny, velges til 2015

Valgkomiteens innstilling til stipendkomité

1. Evy Hvidsten AViOFs representant
2. Tone Bøstrup stiller til gjenvalg
3. Ellen Prytz stiller til gjenvalg

Valgkomiteens innstilling til revisor

Revisjonsfirmaet Bente Wilhelmsen, Rådhusg. 23 B, 0158 Oslo

Styrets innstilling til valgkomité 2014

Line Gustad Fitzgerald
Ragnhild Ruud
David Skahjem

Vedtatt: Alle valgt ved akkordstemning



Sak 13 - Godtgjørelse til tillitsvalgte

NAViO-styrets forslag til vedtak:

NAViOs styremedlemmer får eit todelt styrehonorar for 2012. Ein fast del på kr 5500 kvar til dei faste styremedlemmene pluss kr 950 kvar per styremøte som den enkelte styremedlemmen eller varamedlemmen har delteke på. Styremedlemmer som har trekt seg i styreperioden, deler den faste delen av honoraret med etterfølgjaren ut frå kor lang tid i dei har hatt posisjonen.

Medlemmene av valkomiteen får eit honorar på 9000 kr som dei fordeler seg imellom etter arbeidsinnsats.

Vedtaks: Enstemmig vedtatt

AViOF-styrets forslag til vedtak:

AViOFs styremedlemmer får eit todelt styrehonorar for 2012. Ein fast del på kr 3100 til faste styremedlemmer, pluss kr 800 kvar per møte som den enkelte styre- eller varamedlemmen har delteke i.

Medlemmene av stipendkomiteen får eit honorar på kr 3000 kvar.

Tekstarprisjuryen får eit honorar på kr 4000 kvar.

Medlemmene av PKK-utvalet får eit honorar på kr 4000 kvar.

Vedtaks: Enstemmig vedtatt



Sak 14 - PKK-utvalets innstilling

NAViOs PKK-utval leverte innstilling med tilrådingar til NAViOs styre den 20. mars. Innstillinga blir send ut som vedlegg saman med årsmøtepapira. NAViO- og AViOF-styret skal i samarbeid gjere endeleg vedtak i saka på grunnlag av PKK-utvalets innstilling og dei innspela som kjem frå årsmøtet. Ein medlem av utvalet vil gjere greie for innstillinga, så blir det opna for kommentarar og diskusjon i etterkant av det.

*Ole Jan Borgund orienterte om
PKK-utvalgets innstilling
Synspunkter ble diskutert.
Høyt hevet 1345*

Oslo, 27. april 2013

Protokollen godkjennes som protokoll for NAViOs årsmøte 2013

Marianderson

Jostein Mordnes



NAViOs årsmøte 2013

Uranienborgveien 2, Oslo

27.april 2013

PROTOKOLL



NAVIO – Norsk audiovisuell oversetterforening
AViOF – Audiovisuelle oversetteres fond



Valg av møteleder

Vedtak: Lars Dalene Kristensen

Valg av referent

Vedtak: Elisabeth Rusdal

Valg av redaksjonskomité

Vedtak: Bjørn Fredrik Meyer og Ragnhild Ruud

Valg av tellekorps

Vedtak: Marita Liabø og Tore Fosshem

Valg av medlemmer som skal godkjenne protokollen og fullmakter

Vedtak: Fosteir Miyamoto og
Marian Larsen

Godkjenning av innkallelse og dagsorden

Vedtak: Godkjent

Forslag til forretningsorden

Vedtak: Godkjent

Antall medlemmer til stede:

~~38~~ ~~37~~ ~~36~~ 39

Antall fullmakter:

2

Fullmaktene er godkjent:

Marian Larsen

Fosteir Miyamoto



Innholdsfortegnelse

Program for årsmøtet	side	4
Dagsorden for årsmøtet	side	4
Forretningsorden	side	5
Saksbehandling		
<i>NAVIO</i>		
1 Årsberetning for 2012	side	6
2 Årsregnskap for 2012	side	13
3 Medlemskontingent 2014	side	20
4 Handlingsplan for 2013	side	20
5 Budsjett for 2013	side	22
<i>AVIOF</i>		
6 Årsmelding for 2012	side	24
7 Årsregnskap for 2012	side	25
8 Budsjett for 2013	side	31
9 Reisestipend 2013	side	32
10 Forslag til endring av retningslinjene for tildeling av reisestipend frå Audiovisuelle oversetteres fond	side	33
11 Forslag til endring av statuttane for Audiovisuelle oversetteres fond	side	34
12 Valg	side	35
13 Godtgjørelse til tillitsvalgte	side	36
14 PKK-utvalets innstilling	side	37



Program for årsmøtet

- Kl. 10.00 Registrering med kaffe/te
- Kl. 10.30 Åpning av årsmøtet – saksbehandling
- Kl. 13.30 Lunsj
- Kl. 14.30 Teksting og opphavsrett
v/Morten Solberg
- Kl. 15.15 Kort pause
- Kl. 15.45 Kurs EZTitles
v/Johannes de Vries
- Kl. 17.45 Avslutning
- Kl. 19.00 Felles middag
Brasserie France, Øvre Slottsgate 16
- Sosialt samvær

Dagsorden årsmøtet

I. Til møteorden

1. Åpning
2. Valg av møteleder, referent, redaksjonskomité og tellekorps.
Valg av to medlemmer til godkjenning av protokoller og fullmakter.
3. Godkjenning av innkallelse, dagsorden og forretningsorden.

II. Behandling av saker

1. Årsmelding for NAViO for 2012
2. Revidert årsregnskap for NAViO 2012
3. Medlemskontingent 2014
4. Handlingsplan 2013
5. Budsjett 2013
6. Årsmelding for AViOF for 2012
7. Revidert årsregnskap for AViOF for 2012
8. Budsjett for AViOF 2013
9. Reisestipend 2013
10. Forslag til endring av retningslinjer for tildeling av reisestipend fra Audiovisuelle oversetteres fond
11. Forslag til endring av statuttene for Audiovisuelle oversetteres fond
12. Valg
13. Godtgjørelse til tillitsvalgte



NAViOs årsmøte 2013

Forslag til forretningsorden

I tillegg til bestemmelsene om Årsmøtets møteorden og dagsorden som framgår av vedtektenes § 4, skal Årsmøtet følge denne forretningsorden:

1. **Årsmøtets dagsorden** vedtas under konstitueringen. Årsmøtet kan senere vedta endringer i dagsorden og det tilhørende tidsskjema når det er nødvendig for å avvikle årsmøtets saksliste. Årsmøtet kan i den forbindelse også vedta at en sak skal utsettes eller avgjøres ved uravstemning.
2. Man ber om ordet ved å vise navneskiltet man har fått utdelt. En deltaker kan bare få ordet to ganger til samme sak. En deltaker kan bare få to replikker til samme sak. Replikken skal vedkomme det innlegget den er replikk til, og man må be om replikk under eller umiddelbart etter det innlegget det gjelder. Den taleren replikken er rettet til, kan svare på hver replikk eller samle sitt svar i en felles svarreplik. Årsmøtet kan vedta at det ikke skal være anledning til replikkordskifte.
3. **Taletid.** Forslagsstiller kan begrunne forslag i inntil fem minutter. Taletid for øvrige innlegg er inntil tre minutter. Taletid for replikk og svarreplik er inntil ett minutt. Møtelederen kan foreslå utvidelser eller ytterligere innskrenkninger av taletida.
4. **Forslag.** Forslag må framsettes skriftlig og være undertegnet av forslagsstilleren. Møtelederen kan gjøre unntak fra dette når han/hun finner at et muntlig forslag er tilstrekkelig. Møtelederen kan sette fram forslag uten å innlevere dem skriftlig. Dersom forslagsstilleren trekker forslaget sitt, skal møtelederen gi deltakerne adgang til å tilkjennegi om noen annen ønsker å opprettholde forslaget.
5. **Strek.** Møtelederen kan foreslå at det settes strek under et kommende innlegg. Han/hun skal gi adgang til å framsette skriftlige forslag før strek settes. Møtelederen refererer de innkomne forslagene og den inntegnede taleliste.
6. **Votering.** **Votering** skjer ved håndsopprekning med nummerskilt når møtelederen ber om at dette skal benyttes. Når debatten om en sak er avsluttet og det foreligger flere forslag, skal dirigenten redegjøre for sitt forslag til voteringsorden. Forslag om å utsette, oversende uten realitetsbehandling eller unnlate å realitetsbehandle en sak, skal votes over først. Årsmøtet kan bestemme at et forslag skal settes under prøvevotering, og kan vedta å gjøre en prøvevotering endelig. Når voteringsordenen er godkjent og votering er i gang, kan ingen få ordet til saken. Når voteringen er avsluttet, skal møtelederen referere utfallet. Det er ikke adgang til å gjenoppta debatten om en sak det er votert over, og det er ikke adgang til å fremme et nedstemt forslag under et senere punkt på dagsorden.



Sak 1 – Årsmelding frå styret i NAViO

1 ORGANISASJONEN

1.1 Medlemmer

NAViO hadde 162 medlemmer ved utgangen av 2012, ein nettoauke på 9 medlemmer gjennom året. Av desse var 2 støttemedlemmer som har gitt seg som audiovisuelle omsetjarar, men betaler halv kontingent og har alle medlemsrettar utanom røysterett. 9 av medlemmene har fått godkjent lågare kontingent eller fritak på grunn av låg inntekt. 1 medlem er blitt utmeld på grunn av manglande kontingentinnbetaling.

1.2 Styret

Etter årsmøtet i 2012 hadde styret denne samansetjinga:

Ole Jan Borgund (leiar)	Morten Gottschalk (1. vara)
Lars Dalene Kristensen (1. nestleiar)	Lise Knudsen (2. vara)
Bente Ottersen (2. nestleiar)	Trygve Lie (3. vara)
Tron Furu	Heidi Wallevik (4. vara)
Nicolai Herzog	
May-Hilde Hoelstad	
Mona Grønlie	

Bente Ottersen trekte seg frå vervet på styremøtet den 28. august, og Morten Gottschalk rykte då inn som styremedlem i hennar stad. Tron Furu trekte seg frå vervet på det ekstraordinære medlemsmøtet den 15. september, og Lise Knudsen og Trygve Lie har etter det delt hans plass i styret.

Styret har hatt 9 ordinære styremøte og 1 ekstraordinært styremøte i 2012, alle i Oslo. I tillegg hadde styret ei strategisamling i mai. Utanom det har styremedlemmene hatt utstrekt kontakt per e-post og telefon. Styret har behandla 95 saker i 2012. Ole Jan Borgund, Nicolai Herzog og Elisabeth Rusdal har hatt prokura på vegner av NAViO.

1.3 Administrasjon

Ole Jan Borgund har vore tilsett i halv stilling som leiar etter valet i 2012. Elisabeth Rusdal har arbeidd i heil stilling som foreningssekretær.

1.4 Komitear og grupper

Etter årsmøtet har AViOF-styret vore samansett av Evy Hvidsten (leiar), Mona Grønlie, Vigdis Isachsen og Benedicte Wagner Lorenz.

Etter årsmøtet har valkomiteen vore samansett av Morten Gottschalk, Trygve Lie og Ragnhild Ruud.

Etter årsmøtet har stipendkomiteen vore samansett av Tone Bøstrup, Evy Hvidsten og Ellen Prytz.

Teksteprisjuryen var samansett av Tone Bøstrup, Nicolai Herzog, Lars Dalene Kristensen, Benedicte Wagner Lorenz, Ragnhild Ruud.

Seminarkomiteen var samansett av Ole Jan Borgund, Nicolai Herzog, May-Hilde Hoelstad og Bente Ottersen.

Julebordkomiteen var samansett av Mona Grønlie, Nicolai Herzog, Nicholas Norris og Heidi Wallevik.

PKK-utvalet var samansett av Ole Jan Borgund, Tore Fosshem, Evy Hvidsten, Marion Larsen, Elisabeth Rusdal, Morten Rølling og Johannes de Vries.



1.5 Medlemskap

NAVIO er medlem av

- Nettverkstedet
- Oversetterforum
- Norwaco
- Audio Visual Translators Europe
- Foreningen Norden
- Fédération Internationale de Traducteurs
- Opphavsrettsforeningen

1.6 Avtaler

NAVIO har disse avtalene:

- Forvaltningskontrakt med Norwaco
- Vederlagskontrakt med Norsk Filmvederlagsfond

1.7 Representasjon

- Tron Furu representerte NAVIO på NOs årsmøte.
- Tron Furu representerte NAVIO på NFFOs årsmøte.
- Morten W. Krogstad representerte NAVIO på NOs haustseminar.
- Ole Jan Borgund representerte NAVIO på NFFOs haustseminar.

2 ØKONOMI

NAVIOs viktigaste inntektskjelder er medlemskontingenten og tilskot frå AViOF.

2.1 Medlemskontingenten

Medlemskontingenten har vore 1500 i 2012, delt i to halvårlege ratar. Dette utgjorde ei inntekt på til saman 191 812 i 2012. Per 31.12.12 var det 33 medlemmer som skulda kontingent.

2.2 AViOF-tilskot

NAVIO fekk tilført 1 400 000 i tilskot frå AViOF i 2012. AViOFs inntekter er vederlagsmidlar frå Norwaco (vederlag for vidareending og for kopiering i skuleverket) og midlar frå Filmvederlagsfondet. Desse midlane går dels direkte til enkelttekstarar, særleg gjennom reisestipend, dels til støtte til drift av NAVIO. Ettersom Norwaco ligg i strid med fleire av dei store kundane sine, har utbetalingane i 2012 vore mindre enn venta, og det ser ut til at denne uavklarte situasjonen vil vare ved ei tid framover.

2.3 Rekneskap 2012

Rekneskapen for 2012 er gjord opp med eit overskot på kr 280 647, mot eit budsjettert underskot på kr 28 500. Hovudårsaka til denne forskjellen var lågare lønnsutgifter enn budsjettert på grunn av sjukdom.



3 SAKER i 2012

NAVIO-styret har behandla 95 saker i 2012. Det er spesielt verdt å merke seg desse:

3.1 AViOF som stiftelse

AViOF blei registrert som stiftelse i Brønnøysundregistra i 2008, nærmast ved ei misforståing, og det har vore ein del diskusjon om dette sidan den tid, både innanfor NAVIO-systemet og i korrespondanse med Brønnøysundregistra. Lotteri- og stiftelsestilsynet opplyser i eit brev av 18. september 2012 at dei ulike vederlagsfonda i Noreg må reknast som stiftelsar, det vil seie samanslutningar utan eigarskap og utan medlemskap. Styresmaktene ønskjer derfor at AViOF skal vere registrert som stiftelse i Brønnøysundregistra. Truleg inneber ikkje dette nokon praktiske endringar i forholdet mellom NAVIO og AViOF. Det problemet vi har merka mest, er at det fører til ei ekstra belastning for administrasjonen i NAVIO, fordi Brønnøysundregistra stiller omfattande og detaljerte krav til opplysningar om verksemda og dokumentasjon av desse opplysningane. NAVIO har slite ein del med dette tidlegare, men vi har etter kvart fått meir erfaring med innsending av informasjon, ikkje minst takka vere iherdig innsats av ein utrøyttelig foreiningssekretær, så vi reknar med at dette skal gli lettare i framtida.

3.2 NAVIO-nettsidene

NAVIOs nye heimeside blei lansert i juli. Lars Dalene Kristensen har hatt hovudansvaret for å utvikle heimesida. Det er lagt inn informasjon om NAVIO og AViOF og om tekstebansjen generelt. Vi prøver også å halde nyheitssida oppdatert med informasjon. I tillegg har nettsidene ein praktisk funksjon som stad der ein hentar ut søknadsskjema for stipend, privatkopieringsvederlag etc., og det er ein ressursbank med lenker til nettsider som er nyttige for audiovisuelle omsetjarar. Tilbakemeldingane på dei nye nettsidene har vore gode. Men vi saknar meir jamleg tilsig av nytt stoff som kan gjere sidene meir aktuelle. Styret arbeider med det.

3.3 Krav om meirverdiavgift på teksting

Ein medlem som er sjølvstendig næringsdrivande, fekk bokattersyn i 2012, og i den samanheng meinte Skatt øst at ho burde svare meirverdiavgift av inntekter frå teksting. I eit brev frå Oslo fylkesskattkontor i samband med endringar i meirverdiavgiftslova i 2001, er det gjort klart at teksting som er omsetjing, er unnateken meirverdiavgift i Noreg, men dette var ikkje tilstrekkeleg til å overtyde saksbehandlaren i Skatt øst. NAVIO-styret koplå inn advokat Hans Marius Graasvold i saka, og han sende brev til Skatt øst der han gjorde greie for åndsverklova og meirverdiavgift i den samanheng. Etter det vi veit, har det ikkje skjedd noko meir i denne saka etter det.

3.4 Det nordiske språkmøtet

Det nordiske språkmøtet er eit årleg arrangement i dei nordiske landa. I 2012 var fjernsynsteksting tema for språkmøtet, som blei halde på Holmenkollen Park Hotel 30. og 31. august med Språkrådet i Noreg som vertskap. På møtet var det blant anna innlegg av tekstarar frå ulike nordiske land og andre som har tilknytning til bransjen, og ein paneldebatt om teksting og dubbing av nordiske program i nabolanda. Tron Furu heldt eit foredrag på vegner av NAVIO om "Forutsetningene for samarbeid i lys av bransjens nordiske struktur". Janne Skovgaard Bjoetveit heldt foredrag om "Hva er det vi gjør når vi leser teksting på tv?".

3.5 Teksteprisen

NAVIOs pris for framifrå teksting 2012 gjekk til Bjørn Fredrik Meyer for tekstinga av *Filmens historie*. Prisen blei delt ut på St. Hieronymus-dagen den 27. september.



3.6 Framandspråksambassadør

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa utnemner kvart år ein framandspråkambassadør. I 2012 gjekk denne heidersnemninga til tekstarane, representert ved NAViO-Ole-Jan-Borgund var i Moss den 26. oktober og tok imot prisen og takka pent på vegner av tekstarstanden.

4 MEDLEMSARRANGEMENT

4.1 Seminar og ekstraordinært medlemsmøte

Den 15. og 16. september hadde NAViO ekstraordinært medlemsmøte og seminar for medlemmene. Det var 30 medlemmer som deltok på arrangementet.

Sakene som blei behandla på det ekstraordinære medlemsmøtet, var: 1) ein gjennomgang av handlingsplanen, 2) nye retningslinjer for bruk av kampfondet og 3) eit forslag om å opprette ei ekstra deltidsstilling i NAViO-administrasjonen. Nye retningslinjer for kampfondet blei vedtekne. Forslaget om å opprette ei ekstra stilling blei trekt av forslagsstillaren.

På seminaret var det foredrag om maskinassistert omsetjing (Bente Ottersen), pokerterminologi (Rune Anjum), den nye mediekvardagen (Gear Børdalen) og åndsverklova (Johannes de Vries). Tilbakemeldingane om det faglege innhaldet på seminaret har vore svært gode.

4.2 Bergen

Ole Jan Borgund var i Bergen den 2. oktober for å møte tekstarane som held til der. Både medlemmer og ikkje-medlemmer var inviterte til møtet. Ole Jan informerte om verksemda i NAViO og fekk tilbakemeldingar om kva dei ønskjer av NAViO.

4.3 Julebord

NAViOs julebord blei arrangert den 1. desember på Schafteløkken. 41 medlemmer deltok på julebordet, noko som er rekord i NAViOs nyare julebordhistorie.

Julebordkomiteen var samansett av Heidi Wallevik, Nicholas Norris, Mona Grønlie og Nicolai Herzog, og dei gjorde ein strålande jobb.

4.4 Tekstepils

Tekstarane har sin eigen, sjølvrekrutterande tekstepilskomité, som det meste av året var samansett av Evy Hvidsten, Morten Helland, Nicolai Herzog og Ole Jan Borgund. Det har vore arrangert fire-fem tekstepils i 2012, med varierende, men stort sett godt oppmøte. I Bergen er det ein liten gjeng som møtest til tekstepils. Første gong var då Ole Jan var i Bergen i oktober, andre gong i desember 2012. Heidi Wallevik har ansvar for innkalling i samråd med Signe Bergvoll og Olav Aasmundtveit.



5 MEDLEMSTILBOD

5.1 Tekstestova

NAVIO har to kontor plassar til utleige på NAVIO-kontoret. Ein av dei var leigd ut i første halvdel av året, men elles har desse plassane stått tomme i 2012.

5.2 NAVIO-ringen

NAVIO-ringen er tydelegvis ein populær arena, både som ein levande kunnskapsbank for medlemmene, og som ein arena der audiovisuelle omsetjarar kan diskutere meir og mindre fagleg relaterte tema.

5.3 Facebook-gruppe

NAVIO oppretta hausten 2012 si eiga Facebook-gruppe for medlemmene. Den fungerer som eit supplement til NAVIO-ringen, dels blir spørsmål lagt ut begge stader, dels berre ein av stadene. Gruppa har om lag 80 medlemmer.

5.4 Nettverkstaden

NAVIO er deleigar i Nettverkstaden saman med NO og NFFO. Alle NAVIO-medlemmer har derfor tilbod om gratis tilgang på Nettverkstaden, der dei blant anna kan slå opp i Ordnett.no (engelsk, tysk, fransk og spansk).

5.5 NAVIO-sidene

På NAVIO-sidene ligg det generell informasjon om NAVIO og tekstebransjen, og det er lenkjer til nettsider som er av interesse for audiovisuelle omsetjarar. Vi bruker også nettsidene som informasjonskanal til medlemmene og andre interesserte, for eksempel om kommande arrangement, og legg ut blant anna søknadsskjema for stipend og privatkopieringsvederlag.

5.6 Informasjonsbrev

Vi har prøvd å sende ut kortfatta informasjon om aktuelle saker ikkje altfor lenge etter kvart styremøte. Desse har vi sendt som e-postvedlegg til alle medlemmene og til alle på NAVIO-ringen.

6 OPPDRAGSGIVARANE

Det er tre store og fleire mindre tekstebyrå på den private marknaden i Noreg. I tillegg er NRK ein stor aktør i tekstebransjen. NAVIO-styret har med vekslende hell prøvd å komme i dialog med dei private byråa for å oppnå betre vilkår for tekstarane på sikt. Vi blir møtte med ei viss forståing for krava vi legg fram, men det er typisk at dei helst vil at konkurrentane skal auke honorara, men ikkje dei sjølve. Vi har i slike samanhengar prøvd å formidle at vi legg like stort press på alle tekstebyråa, og at dersom alle løftar i flokk, unngår vi at ein honorarauke påverkar konkurransesituasjonen.

6.1 BTI

BTI har knytt til seg om lag 80 tekstarar. Dei opererer i hovudsak på tv-marknaden, men også innan dvd-teksting og Internett. Dei har eit lite kontor i Oslo. BTI har individuelle avtalar med tekstarane sine, som i hovudsak er sjølvstendig næringsdrivande. Dei har også ei rekkje fast tilsette tekstarar.

NAVIO, ved Ole Jan Borgund, Lars Dalene Kristensen og Hans Marius Graasvold, hadde forhandlingar med representantar for BTI, adm.dir. Björn Lifvergren og advokat Runar



Homble, i Oslo i desember. Vi la fram krav om ein generell auke i honorara og visse justeringar i avtalen. BTI ønskte ikkje å inngå ein avtale med NAViO, men byrået oppjusterte honorarsatsane sine ein del ved årsskiftet, men ikkje nok til å dekkje inn stiging i konsumprisindeksen sidan førre honorarauke.

6.2 SDI

SDI har knytt til seg om lag 50 tekstarar. Dei opererer i hovudsak på tv-marknaden, men har også stor aktivitet innan dubbing, dels via underselskap. SDI har individuelle avtalar med tekstarane sine, som må vere næringsdrivande, i tillegg til ein del tilsette. NAViO, ved Ole Jan Borgund og Hans Marius Graasvold, var i forhandlingar med representantar for SDI, Anna Bolin, Lars Birk og Randi Stangebye, i Stockholm i desember. Også der la vi fram krav om ein auke i honorara tilsvarende auken i konsumprisindeksen etter førre justering. Krava våre blei møtte med ei viss forståing, og SDI skulle komme tilbake til saka, men dette har trekt ut.

6.3 Biovisjon

Det er om lag 30 tekstarar som jobbar for Biovisjon. Dei opererer i hovudsak på tv-marknaden, og er då leverandør for TV 2, men driv også med omsetjing av kommentarmanus og innlesing av kommentarar for andre. Biovisjon har individuelle avtalar med tekstarane sine, som i hovudsak er sjølvstendig næringsdrivande. Dei har også tekstarar i vaktordning for TV 2 i Bergen. NAViO har valt å vente til 2013 med å ta kontakt og invitere Biovisjon til forhandlingar.

6.4 NRK

NRK har om lag 70 tekstarar, som tekstar for NRKs egne kanalar. NRKs tekstarar er for det aller meste lønsmottakarar, men frilansarar. NRK har ein avtale med tekstarforeininga for NRK-tekstarane, og honorarsatsane blir oppjusterte årleg.

6.5 Andre tekstebyrå

Det finst ein del mindre og mellomstore tekstebyrå, i hovudsak i utlandet, som har verksemd i Noreg. Situasjonen er til dels uoversiktleg. NAViO har prøvd å komme i kontakt med nokre av dei, men ikkje lykkast med det innan utløpet av 2012.

6.6 Dubbemanus- og kommentarmanusomsetjing

Det finst fleire større og mindre aktørar på denne marknaden, til dels dei same som i teksting, blant anna SDI, Dubberman, NorDub og Biovisjon. Honorara i denne bransjen har vore under press i lengre tid. Det har vore ein del kontakt mellom NAViO og Skodespelarforbundet om dubbebransjen.



7 INTERNASJONAL VERKSEMD

7.1 Nordisk samarbeid

Det har vore ein god del kontakt mellom NAViO og Forum for Billedmedieoversettere (FBO) i Danmark, særleg mot slutten av året. FBO og NAViO har i samarbeid teke initiativ for å få i stand ein nordisk tekstarkonferanse i 2013 i samarbeid med tekstarforeiningane i dei andre nordiske landa. Planen er å arrangere konferansen i Stockholm, og tema skal vere blant anna dei nordiske språka og kvalitet i teksting.

Den 1. oktober utkontrakterte MTV Media i Finland tekstetjenestene sine til BTI International. Det tilbodet dei finske MTV-tekstarane fekk frå BTI, var langt dårlegare enn det dei hadde fått frå MTV tidlegare, og derfor sa 98 av 110 tekstarar opp etter kort tid. NAViO tok inn informasjon frå dei finske tekstarane på nettsidene sine, og vi har i samarbeid med søsterorganisasjonane våre i AVTE offentleggjort ein resolusjon til støtte for dei finske tekstarane.

7.2 Internasjonalt samarbeid

NAViO er medlem av AudioVisual Translators Europe (AVTE). AVTE blei stifta i 2011, men det har teke tid å få på plass eit fungerande organisasjonsapparat. Det har også vore ein del begynnarsproblemer med nettsidene. Det blei halde eit møte i AVTE i Berlin den 22. november i tilknytning til konferansen Languages and the Media. Ole Jan Borgund møtte der som representant for NAViO.

NAViO er medlem Fédération International du Traducteurs (FIT), som organiserer både omsetjarar, tolkar, tekstarar og terminologistar. 2012 har vore eit mellomår for FIT utan nokon større konferansar, etter San Francisco i 2011 og før Berlin i 2014.

NAViO var representert ved Ole Jan Borgund og Kari Lyngstad på konferansen Languages and the Media i Berlin i 21.-23. november 2012. Denne konferansen er både eit forum der ein kan få innblikk i kva som skjer innan forskning og teknologisk utvikling på området, og ein viktig møtestad for alle delar av bransjen.

Ole Jan Borgund(sign)

Lars Kristensen (sign)

Nicolai Herzog (sign)

May-Hilde Hoelstad (sign)

Mona Grønlie (Sign)

Morten Gottschalk (sign)

Lise Knudsen (sign)

Vedtak:

Tatt til orientering etter tving



Registrert Revisor
Bente Wilhelmsen
Rådhusgaten 23 B
0158 Oslo
Telefon 22 47 76 70 Telefaks 22 42 09 52 E-mail bw@rbw.no

Til årsmøtet i
NAVIO – Norsk Audiovisuell oversetterforening

REVISORS BERETNING FOR 2012

Uttalelse om årsregnskapet

Jeg har revidert årsregnskapet for NAVIO – Norsk Audiovisuell oversetterforening, som viser et overskudd på kr 280.648,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2012, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Min oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av min revisjon. Jeg har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at jeg etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for foreningens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foreningens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatenes utarbeidelse av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter min oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for min konklusjon.

Konklusjon

Etter min mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til NAVIO – Norsk Audiovisuell oversetterforening per 31. desember 2012 og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Medlem av Den norske Revisorforening
Revisor nr. 962661475
www.rbw.no



Registrert Revisor

Bente Wilhelmsen

Rådhusgaten 23 B
0158 Oslo

Telefon 22 47 76 70 Telefaks 22 42 09 52 E-mail bw@rbw.no

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på min revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor mener jeg at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet, og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på min revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger jeg har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener jeg at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på min revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger jeg har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener jeg foreningen er forvaltet, og tilskudd benyttet i samsvar med lov, foreningens formål og vedtektene for øvrig.

Oslo, 3. april 2013

Bente Wilhelmsen
Registrert revisor

Medlem av Den norske Revisorforening
Revisor nr. 962661475
www.rbw.no